



Ved bensinstasjonen YX Uskedalen har dei seks ansatte teke eit originalt og kreativt initiativ som gjev pengar til eit godt, almennyttig føremål.

Tiltaket er det ein av dei ansatte, Marit Sofie Lea, som har funne på og det heng slik saman:

Over heile landet sel YX-stasjonane ein spesiell kaffekopp for 99 kroner. Det sikrar kjøparen gratis kaffe gjennom heile året. 10 kroner av summen går som provisjon til dei ansatte. Men i Uskedalen avstår dei ansatte frå å kassera inn denne tikroningen, men gjev han i staden til Kvinnherad Røde Kors Hjelpekorps.

Kaffekoppsalet er ein konkurranse mellom alle stasjonane om å selja flest moglege koppar gjennom året. Men vakthavande Siv Kristin Kyrkjeeide (biletet) veit ikkje kor mykje pengar dette kan resultera i som ein ekstraslant til det gode føremålet.

Ola Matti Mathisen